


Stad: Kjølsdalen krins Jakta på folkeviljen

STAD²⁰
Eid og Selje i ny kommune



Nøkkelinformasjon om staden



Nøkkelinformasjon om staden



Innbyggjartal: 459



Avstand til kommunesenter Eid: 20km
Avstand til kommunesenter Selje: 42km



Bustadtomter

- Spreidd bygging på nye tomter i Kjølsdalen
- Kjølsdalen byggefelt



Fritidstomter

- Spreidd i dei fem bygdene som utgjer Kjølsdalen krins: Lefdal, Midgjeld, Haus, Ervik, Kjølsdalen, Årdalen. Alle har seter og fritidsbustader



Næringsareal

- Nedre gate i Kjølsdalen: ein gammal taufabrikk med forskjellige bedrifter. Nordfjord Vegservice har avdelinga si her.

Samandrag Kjølsdalen krins

Stadsutviklingstrategi

Tilbakemelding fra folkemøter

Tilråding

Kva er dei viktigaste kvalitetane ved staden?

Kva er dei største utfordringane ved staden?

For innbyggjar	<ul style="list-style-type: none">• God skule og barnehage• Samhald i bygda• Breidde i lag og organisasjonar	<ul style="list-style-type: none">• Lite tilgang på attraktive byggeklare tomter• Mangel på tilrettelagt næringsareal• Mangel på gang- og sykkelveg langs riksvegen• Dårlege kommunale vegar og transport frå ytste punkt
For turisten	<ul style="list-style-type: none">• Fjell, fjord og friluftsliv• Utsikt• Godt bevarte kulturminne	<ul style="list-style-type: none">• Mangel på overnatningsplassar• Lite informasjon om tuttilbod• Næringsliv som ikkje legg til rette for turisme

Kva rolle og funksjon bør staden ha i ny kommune?

Kva er dei viktigaste tiltaka for å utvikle staden i ny kommune?

Lokal- samfunn	<ul style="list-style-type: none">• Pendlarsamfunn i ny kommune• Bustadplass med gode oppvekstvilkår• Møteplass for private verksemder og kommune• Mangfoldig Montessori skule og barnehage	<ul style="list-style-type: none">• Arbeidsrute til Selje og Eid• Tilgjengelege bustadtomter• Forbetre tryggleik langs veg og infrastruktur• Fiberutbygging
Reisemål	<ul style="list-style-type: none">• Informasjonssenter for Lefdal Gruve• Setermiljø og gardsbesøk• Camping og utleigehytter	<ul style="list-style-type: none">• Skilting og informasjon• Utvide overnattingstilbod og hyttefelt• Skogrydding og merking av turstiar

Kort sikt	<p>Stadsutvikling: Midt i kommunen, møteplass for felles aktivitet på tvers av bygdene.</p> <p>Reiseliv: Informasjon og profilering av lokale tilbod. Plan for hytteutvikling.</p>
Lang sikt	<p>Stadsutvikling: Oppretthalde offentlege tenester. Marknadsføre fordelane ved staden (midt i komunen)</p> <p>Reiseliv: Utvikle sjøområdet med alle tilhøyrande og naudsynte fasilitetar</p>

Tenester og tilbod

Offentlege tenester	Privat tenesteyting	Lag og organisasjoner	Arrangement	Møteplassar og forsamlingshus
<p>Tilbod for born og unge</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skule og barnehage er privat <p>Tilbod for eldre</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kommunal heimeteneste - Drosje for eldre <p>Andre tilbod</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kommunen har stått for utbygging av nytt byggfelt - Tavla (lokalavis for Kjølsdalen krins) - Kulturskule - Kyrkjegard <p>Kommunale instansar og råd</p> <ul style="list-style-type: none"> - 	<p>Handels- og servicetilbod</p> <ul style="list-style-type: none"> - <p>Næringsliv</p> <ul style="list-style-type: none"> - Mange selskap som opererer innan bransjane veg, vedlikehald og transport - Verkstad - Landbruk og kjøttforedling - Kirsebærhagen <p>Anna</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kjølsdalen Montessoriskule og barnehage <p>Reiseliv</p> <p>Overnatting:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utleige av hytter og ferieleileigheter <p>Aktivitet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fiske, bading, jakt og tur 	<p>Idrett</p> <ul style="list-style-type: none"> - Idrettslaget - Kveldulf Skyttarlag <p>Kultur</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kjølsdalen skulemusikk - Kjølsdalen musikkklag - Vindfylla spelemannslag - Kjølsdalen kyrkjelyd - Feleskule - Barnekor (Yngres) <p>Lag, foreiningar og organisasjoner</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kjølsdalen Krins Utviklingslag - Kjølsdalen Bygdekvinnelag - Kjølsdalen Sanitetsforening - Trekløveret 4H - Miljøagentlaget for born (ryddar søppel) - Kjølsdalen beite- og sankelag - Grunneigarlaget - Kjølsdalen bondelag - Bygdeavisa Tavla - Midthjell og Lefdal Grendalag 	<p>Idrettsarrangement</p> <ul style="list-style-type: none"> - Den store styrkeprøven - Volleyballturnering i regi av 4H - Dametrim - Barnetrim - Gubbetrim - Onsdagsturar (Sanitetten) <p>Kulturarrangement</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vindfylla fylkeskappleiken i Kjølsdalen - Fylkesleir 4H - Haustfest i 4H - Yngres konsert <p>Andre arrangement</p> <ul style="list-style-type: none"> - Basarar (Musikk, Sanitetten, Bygdekvinnelag) - Samkomstar for miljøagentlaget - Bygdekino - Strikkecaf� 	<p>Nærmilj�anlegg</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skulen - Barnehage <p>Fysiske møteplassar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bygdekontor for utviklingslaget - Samfunnshus - Grendahus (pr grenad) - Kjølsdalen kyrkje - Bedehus (Normisjon) <p>Bes�ksm�l reiseliv</p> <ul style="list-style-type: none"> - Naturm�teplassen (grillbygg) - Dr�ymehytta ved Lefdalsvatnet - Sankehytta - Setergrender - Gapahuken p� Store-Hornet

Stadkvalitetar

- Eit stort aktivitetsniv  for born og vaksne. Skulen og barnehagen har ein viktig plass i lokalsamfunnet, b de som arbeidsplass og tilbod til innbyggjar.
- Utviklinga av staden har vore langsiktig og stabil, og har f rt til tilflytting og etablering av n ring.
- God dugnads nd. Ein har gode samarbeid med andre krinsar i n romr de, spesielt skulemusikken st r sterkt.



Kva stadutviklingstiltak er viktigast i framtida?



Born og ungdom



Innflyttar



Familie



60+



80+



Næringsliv



Turist

Identitet

- Folket i Kjølsdalen er løysingsorienterte, stabile og har stor dognadsånd. Det er fokus på mogleheter framfor utfordringar. Dette er ein kultur det er viktig å vidareføre.

Tilbod til innbyggjarane

- Oppretthalde skule- og barnehagetilbod. Dette er viktig for stabilitet og tryggleik for innbyggjarane.
- Oppretthalde eksisterande helsetilbod (drosje, heimeteneste).
- Det er ei generell oppfatning at eksisterande tilbod til innbyggjarane må vidareførast sjølv om ein no slår saman to kommunar.

Bustad, næring og plan

- Tilrettelegge for etablering av næring.
- Tilby rimelege tomter (både for heimflyttar og hytteturist). Dei som flyttar til staden ønskjer ofte å bygge på garden dei kjem frå (eller i nærområde). Ein bør difor legge til rette for at det er mogeleg å oppretthalde spreidd busettnad og attraktive fritidstromter.

Infrastruktur

- Vedlikehald av vegar i krinsen (mange vegar som treng opprustning i dag).
- Gatelys er utdaterte og bør forbetrast. Dette er eit viktig sikkerheitstiltak for ungane som går til og frå skulen.
- Drosjetilbodet til skuleelevarane må vidareførast.
- Trafikktryggleiksmidlar har resultert i fleire soneskilt. Kjølsdalen treng meir av dette i framtida.

Kva funksjon bør Kjølsdalen krins ha i nye Stad kommune?

- Kjølsdalen har ein sentral lokasjon og kan fungere som eit midtledd i ny kommune.
- Kjølsdalen skal vere ein stad som er tilrettelagt for næring og folk som vil flytte heim.
- Ein må behalde offentlege tenester - skule, barnehage og tenester for eldre for å sikre framtidig stabil utvikling.
- For å få med alle bygdene må ein satse på spreidd busettnad og fritidstromter.

Diskusjonsoppgåve 1 - Kjølsdalen krins

Dei største kvalitetane og dei største utfordringane ved staden

Kva er dei viktigaste kvalitetane ved staden?

Kva er dei største utfordringane ved staden?

For innbyggjar	Identitet Tilbod til innbyggjarane Møteplassar	Identitet Tilbod til innbyggjarane Bustad, næring og plan Infrastruktur
	<ul style="list-style-type: none">• Samhald i bygda• Stor mobiliserings- og dugnadsånd <ul style="list-style-type: none">• Sentrum i ny kommune• God skule og barnehage• Bredt spekter av lag og organisasjoner, tilbod for yngre og eldre• Kulturliv• Flott og variert natur med jakt, fiske og friluftsliv• Lefdal gruve <ul style="list-style-type: none">• Naturmøteplassen og Sankehytta (Langevatnet)• Kyrkja, Grendahus og samfunnshus• Bygdekino	<ul style="list-style-type: none">• Nøkkelpersonrisiko (utbrentheit blant eldsjeler som jobbar frivillig) <ul style="list-style-type: none">• Breidband• Småbåthamn <ul style="list-style-type: none">• Dårleg tilgang på byggeklare og attraktive tomter (kommunale og private) og moglegheit for hytteutbygging• Arbeidsplassar og tilrettelagt næringssareal <ul style="list-style-type: none">• Trafikktryggleik i område born ferdar / ved riksvegen og mangel på gatelys• Transport frå ytste bygdepunkt• Dårleg kollektivtransport for menneske utan bilsertifikat• Arbeidsplassar er stort sett utanfor bygda - difor er infrastrukturen svært viktig• Mangel på gang- og sykkelveg langs riksvegen• Dårlege kommunale vegar - gjeld alle vegstrekningars.

Diskusjonsoppgåve 1 - Kjølsdalen krins

Dei største kvalitetane og dei største utfordringane ved staden

Kva er dei viktigaste kvalitetane ved staden?

Kva er dei største utfordringane ved staden?

<p>For turisten</p> <p>Tilbod til turistar</p> <ul style="list-style-type: none"> ● Naturopplevelingar <ul style="list-style-type: none"> ○ Flott natur frå fjell til fjord ○ Turstiar, friluftsliv og dyreliv ○ Utsikt ○ Ro og stillheit ○ Jakt og fiske i fjorden / fjellvatn ● Kulturopplevelingar <ul style="list-style-type: none"> ○ Bevarte kulturminne ○ Naturmøteplass og Sankehytta - opne område for alle 	<p>Informasjon</p> <ul style="list-style-type: none"> ● Mangel på organisert informasjon rundt turtilboda: Kjølsdalen er ikkje med på turistkartet som er på Eid. Ein må lage nytt kart / portal som også er digitalt tilgjengeleg <p>Overnatningsmoglegheiter</p> <ul style="list-style-type: none"> ● Mangel på overnatningsplassar <p>Adkomst og infrastruktur</p> <ul style="list-style-type: none"> ● Folk tør ikkje køyre til Kjølsdalen på vinteren ● For mykje skog <p>Tilbod til turistar</p> <ul style="list-style-type: none"> ● Næringsliv som ikkje legg til rette for turisme
---	--

Diskusjonsoppgåve 2 - Kjølsdalen krins

Rolle og funksjon i ny kommune. Tiltak for å utvikle staden

Kva rolle og funksjon bør staden ha i ny kommune?

<p>Som lokal-samfunn</p>	<p>Identitet</p> <ul style="list-style-type: none"> Plasseringa i seg sjølv er ein funksjon som bør kunne utnyttast. Staden er innan pendlaravstand for Selje og Eid <p>Tilbod til innbyggjarane</p> <ul style="list-style-type: none"> Mangfaldig Montessori skule og barnehage kan vere ein grunn i seg sjølve til å flytte til Kjølsdalen Senter for musikalsk aktivitet - kor, spelemannslag, folkemusikk, 2 korps <p>Bustad, næring og plan</p> <ul style="list-style-type: none"> Bør vere bustadkommune. Næringsliv er viktig, men det er endå viktigare å vere ein stad med gode bu- og oppvekstvilkår Kombinasjon av moglegheit for spreidd busetnad og fortetting Lefdal Mine: Betre utnytting av vatn / energigjenvinning <p>Møteplassar</p> <ul style="list-style-type: none"> Moglegheit for at Kjølsdalen blir møteplass for private verksemder og kommune - ein kan tilrettelegge næringsliv rundt dette. Ein har gode møtelokale 	<p>Kva er dei viktigaste tiltaka for å utvikle staden i ny kommune?</p> <p>Tilbod til innbyggjarane</p> <ul style="list-style-type: none"> Fiberutbygging - nett som tålar dagens trafikk Tilrettelegge for større arrangement som trekk folk til bygda Utvikle bygdekontor / servicekontor Kommunikasjon <p>Bustad, næring og plan</p> <ul style="list-style-type: none"> Bustadtomter må vere tilgjengelege og tilrettelagte (spreidd busetnad og kommunale bustadar) Næringsutvikling og næringshage Hyttebygging og tilrettelegging for fritidsbustader - hogge vekk skog <p>Infrastruktur</p> <ul style="list-style-type: none"> Arbeidsrute til Selje og Eid Forbetre tryggleik langs vegar. Kortsiktig kan ein forbetra avkjørsel mot riksveg etter tunell. Kan også utvikle rasteplass her Gang- og sykkelveg langs riksvegen (kortsiktig mellom Lund, Haus og Lefdal - frå Bryggja til Eid langsiktig)
---------------------------------	---	---

Diskusjonsoppgåve 2 - Kjølsdalen krins

Rolle og funksjon i ny kommune. Tiltak for å utvikle staden

Kva rolle og funksjon bør staden ha i ny kommune?

Kva er dei viktigaste tiltaka for å utvikle staden i ny kommune?

<p>Som reisemål</p>	<p>Profilering og informasjon</p> <ul style="list-style-type: none"> • Infosenter for Lefdal Gruve • Tilbydar av fjordutsikt • Fred og ro, naturkvalitetar <p>Utvikle tilbod og attraksjonar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Setermiljø • Gardsbesøk • Friluftsliv <p>Overnatting og transportmoglegheiter</p> <ul style="list-style-type: none"> • Camping og utleigehytte 	<p>Profilering og informasjon</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utvikle informasjonssenter for Lefdal Gruve som turistattraksjon <p>Utvikle tilbod og attraksjonar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fleire toalett og rastelassar • Tilrettelegge for sykkelturisme • Utvide tilbod på dagsturhytte (Solikollen) • Skogrydding og betre merking av turstiane • Sjøboder og utvikling av sjøområde med båtutleige. T.d. Marina ved moloen med båtutleige, med oppstillingsplass for bil med toalettfasilitetar og moglegheit for å fiske i elva <p>Overnatting og transportmoglegheiter</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utvikle hyttefelt og legge til rette for meir hytteutleige • Tilrettelegge for campingplass
----------------------------	--	---

“Temperaturmåling” (resultat)

Kva er dei tre viktigaste tilboda for innbyggjar på staden?

 20



“Temperaturmåling” (resultat)

Kva er dei tre viktigaste tilboda til turisten på staden?

 21



“Temperaturmåling” (resultat)

Kva tiltak bør prioriterast i ny kommune når det gjeld stadsutvikling for Kjølsdalen krins?

 21

Butilbod	Bustadbygging	Fiber
Fiber	Utbedring av kommunale veger	Breiband, strandsone
Fiber tomter transport	Veg	Veistandard fiber gjennomgangsbustad
Kollektivtilbud Trygge veier og gatelys Gjennomgangsbustader	Skape ein sentral møteplass.	Tomter, fiber, kommunale vegen,
Tilrettelegging for boligbygging. Hyttefelt. Næringsareal	Trafikksikkerhet boligtilbod	Tomter.utnytte strandsone
Tilrettelegging av friluftsaktiviteter i nærrområdet som eit lågterskeltilbod både sommar og vinter.	Flere tilgjengelige tomter - valgmuligheter Mulighet for hyttebygging	Næringsareal, næringshage, bustafelt, hyttefelt, utleigehytter
Bustadbygging Fiber Sentral møteplass Næringsareal	Kulturbygg Fiber Trafikktryggleik Varierte bustader (spredt og meir samla tun)	Butilbod, transport